

Bygdabladet

for BOKN



Brannvesenet i Bokn fekk god bruk for løfteputene og klippeutstyret sitt under helikopterulukka på Austre Bokn 30. mars.
Les meir s. 6



Bokn barnehage markerte Barnehagedagen 21. mars med å invitere besteforeldre til open dag. Les meir s. 14



Ingenting avgjort om kommunesamanslåing.
Les meir s. 16





RDFØRAREN RDET

Kommunesamanslåingsdebatten

På kommunestyremøtet 21.03 var kommunesamanslåing med Tysvær den store saken.

Kommunestyret konkluderte med at konsekvensutredninga og avtalane med Tysvær og kommunaldepartementet viser kva som er utfordringane og mulighetene for lokalsamfunnet på Bokn, og gir eit godt grunnlag for å ta stilling til ein samanslåing eller ikkje.

Debatten i kommunestyret var svært god og balansert. Mange uttrykte at dette var ein stor og vanskelig sak og vurderte fram og tilbake kva som var rett. Kommunestyret er delt i sin anbefaling til dykk som innbyggjarar om kva som er det beste for boknarane framover.

8 representantar meinte boknarane er mest tent med å slå seg saman, 7 representantar valte å seie nei til samanslåing medan 2 representantar ikkje ville gi nokon anbefaling til innbyggjarane.

Det blir nå opp til dykk som innbyggjarar å seie sitt i folkeavrøysting den 18.09.06. Eit samla kommunestyre vil rette seg etter meininga i folkeavrøystinga.

Informasjon og god debatt om saken blir nå svært viktig og ein kortversjon av konsekvensutredninga vil bli sendt til alle husstandane. Me vil komme nærmare tilbake til korleis debatt og møter vil bli ordna utover våren og hausten fram mot avrøystinga.

Eg vil understreke at det er svært viktig at me har ein ryddig og saklig debatt og at me har respekt for kvar andres synspunkt. Uansett utfall av avrøystinga skal me omgås kvarandre og utvikla lokalsamfunnet vidare og då kan me ikkje ha ei splitta bygd.

Den nye visjonen for Bokn

Det var svært kjekt at så mange kom på møtet den 29/3 om Bokn si framtid. Dei to innleiarane fekk godt fram kva som er Bokn sine utfordringar og muligheter framover.

Nedgang i folketalet med ei forskyving av alderssammansettinga med færre 20-40 åringar og fleire 80+, svært mange utanfor den ordinære arbeidsmarknaden og eit sårbart næringsliv som dei største

utfordringane.

Per Egil Mjaavatn fekk fram at me følger utviklinga i Noreg, med dårlegare helse, eit "urbant" hovud og stillesittande aktivitetar.

Han tok utgangspunkt i at ei god helse var noko av det aller viktigaste i livet vårt og at me måtte bli meir fysisk aktive og gje barna ein god oppvekst med mange gode opplevingar slik at dei kjem tilbake når dei skal etablere seg.

Det er då godt å oppleve at kommunen sitt prosjekt, "KJEKT PÅ BOKN" som fokuserer på fleire arbeidsplassar, førebyggjande helsearbeid og at me skal ta Bokn sin fantastiske natur meir i bruk er rett veg å gå.

Som avgjerande faktorar for at prosjektet skal lykkast er at flest mulig av oss ser at noko må gjerast og at alle deltar og får eit eigarskap til prosjekta me skal få til. Kommunen kan berre var ein startmotor og katalysator i utviklinga. Det er me som innbyggjarar som må ta tak i utviklinga og stå for det som må gjerast. Eit godt og organisert samarbeid og involvering frå innbyggjarane, spesielt ungdommen, er avgjerande for at me lykkast.

Der er grunn til å ha forventning til prosjektet men me må og var realistiske. Det vil ta tid å få snu ei utvikling og ein vekst i folketalet vil ikkje komme med ein gong.

Det er å håpe at me vil lykkast i å få fleire inn på det ordinære arbeidsmarknaden innan kort tid og me arbeider intenst med det.

Svein Ove



Foto: JH

- Mennesker som har fått et nært forhold til natur og kultur som barn og unge, ønsker ofte å bosette seg i hjemkommunen etter endt skolegang, sa forskar ved NTNU, Per Egil Mjaavatn.

Fra barnemunn

Hvis spermier fra pappan ikke treffer mammans egg blir det bare omelett av det - Mikael 6 år.

Hvis man ikke kan få barn kan doktoren lage ett i prøverør. Men de fleste barn er gjort med vanli-

ge rør - Fred 7 år.

Den store kjærligheten blir større med årene. Den lille går det ikke like bra for. Den minsker veldig fort og slutter med skilsmisse med bulder og brak - Gun 7 år.

Man må ikke gifte seg i kirken.

Man kan gifte seg på sosialkontoret. Eller man kan flytte sammen uten å si det til noen. Det viktigste er at man vet det selv - Nina 6 år.



Bygdabladet i framtida

I samband med kommunestrukturdebatten har fleire lesarar spurt meg om kva som vil skje med Bygdabladet etter 18. september, dagen for folkerøystinga omkring kommunesamanslåing.

Eg merka meg dei tydelege signala frå Tysvær kommune då samtalan om ei eventuell kommunesamanslåing starta; det var ikkje interessant for Tysvær å drifta det kommunale bladet vidare.

Då vil i tilfelle neste års årgang bli den siste, og abonnentane måtta forbereda seg på å mista eit viktig kontakt- og informasjonsorgan mellom Bokn kommune, bygdefolket og utflytta boknarar frå 1. januar 2008. Kjende ord og uttrykk som identitet, samhold og vern om den lokale kulturarven blir svekka dersom Bokn blir underlagt Tysvær og dette bladet forsvinn.

Men eg er temmeleg sikker på at det blir nei i folkerøystinga til hausten. Kvifor?

Tvangskjensle

Eg trur folk flest utvikla eit negativt forhold til det heile allerede for ca. to år sidan då debatten om ny kommunestruktur i landet gjekk for fullt, som eit resultat av friske utsagn frå dåverande kommunalminister Erna Solberg. Kjensla av tvang spreidde seg og menneske sin naturlege motstand mot slike endringar blei forsterka.

T-sambandet og Rogfast

Einingane skulle vera så store, så robuste til å møte framtida. Lenge blei det nemnt at kommunane måtte ha minimum 40.000 innbyggjarar. Eg trur fleire då spør seg om vitsen med å slå saman lille Tysvær med bittelille Bokn. Viss det først skal bli ei framtidig samanslåing har mange heller tru på ein stor haugalandskommune med t.d. kommunesenter på Raglamyr. Mange har nemleg T-sambandet i tankane, då alle kjem til å køyra vestover frå Mjåsund bru på ny flott veg, for å bruka like lang tid til Raglamyr som det er til Aksdal i dag. Og jammen blir det ikkje stort lenger til Kopervik heller.

Og tenk på kor sentral Bokn blir når Rogfast blir realisert?

Klare tendensar

Meiningsmålingar på bygdabladet.no understreker dette. I slutten av september 2004 presenterte eg ei aktuell meiningsmåling med heile 3.555 svar, der 70% var for ein storkommune på Haugalandet. I ei ny meiningsmåling rett etterpå spurde eg om folk var for eller imot samanslåing med Tysvær. Her var tendensen nærare 90% mot i heile perioden spørsmålet lå ute. Sjølv sagt kan publikum stemma fleire gonger, men engasjement er sunt og ein får ein god peikepinn.

Stort mot-fleirtal

Fortsatt er det mitt inntrykk, og mange med meg sitt, at ca. 90% av boknarane vil stemma mot samanslåing den 18. september. Eg trur ja-folk må jobba hardt for å påverka folk, sjølv om dei tilsynelatande har god hjelp av Haugesunds Avis, for dei skriv

med feite typar om ein flott intensjonsavtale og påstått ja-vind så ein skulle tru at alle boknarane meiner det same som enkelte av dei mest profilerte japolitikarane.

Intensjonsavtalen (med mange såkalla gulrøter) som er utarbeida er nok god den, men dei fleste veit at han ikkje er juridisk bindande, og kan forandrest, eller avviklast av eit nytt kommunestyre i 2012.

Råtne gulrøter?

Det blei søkt om 44 mill. kr. frå Tysvær og Bokn for å gjennomføra ei ev. kommunesamanslåing. Kommunaldepartementet, med ein kommunalminister som er mot kommunesamanslåingar, vil berre gi 25 mill. Det verkar som om gulrøtene har begynt å råtne, gulrøter som berre Bokn skal få. Tysvær skal berre mista heggen, dei. Tysværbuen har også kjensler, og det er ikkje sikkert dei vil røysta ja, dersom dei i det heile tatt bryr seg om å røysta.

Seriøst?

Folk må ha lov til å lura når fleirtalet i kommunestyret i Tysvær no har omgjort vedtaket om å halda folkerøysting, men heller halda ei såkalla folkehøyring. Kvifor?

Trur dei at få i nabokommunen kjem til å røysta, og heller ikkje er sikre på kva dei vil røysta, eller har dei oppdaga at konsekvensutgreiinga, som er utarbeida av Telemarksforsking-Bø, ved fleire høve gir eit for negativt bilde av Bokn - at analysen favoriserer Tysvær slik at det heile blir skeivt?

Til og med eit profilert ja-medlem av kommunestyret uttrykte at denne konsekvensutgreiinga gav eit feilaktig inntrykk av boknasamfunnet.

At dei kommunalt tilsette får endra arbeidsvilkår og uro omkring arbeidssituasjonen sin er eit viktig poeng, men ikkje det viktigaste. Det er livet i utkantbygda Bokn i ein eventuell ny kommune som er interessant.

Ny meiningsmåling

Eg inviterer som vanleg lesarar til å koma med meiningsane sine i bladet. Om ikkje anna så blir det i alle fall ei ny meiningsmåling på bygdabladet.no når saka har "sett seg" blant innbyggjarane, sjølv om det høyrer ut som om mange har bestemt seg for lenge sidan.

Det er viktig at folk engasjerer seg, og, som ordføraren var inne på både i forrige blad og dette bladet, respekterer andre sitt syn, slik at det ikkje blir "borgarkrig", men saman sørger for ei god utvikling i bygda.

Dei folkevalde gav sine råd til sambygdingane sine i kommunestyremøtet 21. mars (sjå s. 16). Avstemminga, der mindre enn halvparten stemde ja, og der dei ulike partia delte seg, gjorde meg temmeleg sikker på at det blir nei i folkerøystinga til hausten.

Derfor trur eg Bygdabladet får lov til å utvikla seg til eit av dei beste bygdebladene i landet i framtida.

- redaktøren -

Bedrifter vil ha tomt i Knarholmen

Reidar Alvestad

Heskja Plate- og Sveis DA, saman med Bokn sjøservice og Wee-gruppen v/Åge Wee har søkt Bokn kommune om etableringar i Knarholmen.

Heskja Plate- og Sveis Da og Bokn sjøservice er interessert i søre del av fiskerihamna. Det er snakk om verkstad for førstnemnde, og landbase for Bokn sjøservice.

Wee-gruppen v/Åge Wee vil kjøpa eit industriområde rett nord for sjølve fiskerihamna for å etablere bedrifter innafør maritim sektor. Han har agentur for fleire båttypar.

Wee skal kjøpa, ligg det utanfor sjølve hamna. Formannskapet har vedtatt at dette kan seljast, og prisen er 1,4 mill. kroner.

Åge Wee opplyser at dei nå har laga planar og teikningar av bygg på industriområdet som firmaet vil presentere for kommunen over påske.

Målet for Wee-gruppen er å etablere fleire bedrifter på tomte.

Kjøparen vil i tillegg til båtagenturet driva med reparasjon av båtar, lagring, m.v.

Området har sjølinje mot aust.



Her ser ein området nord for fiskerihamna kor Wee-gruppen ynskjer å etablere seg. Området grensar til Boknasundet i aust.

På flåte

Heskja Plate- og Sveis DA er i dag alt lokalisert i søraustre del av fiskerihamna på ein flåte kor dei har eit par verkstadbygg. Dei driv mykje med reparasjonar og påbygg til ulike typar båtar. Ordførar Svein Ove Alvestad seier til Bygda-bladet at Heskja Plate- og Sveis og Bokn sjøservice ved søknad til kommunen opplyser at dei ynskjer ein landbase lengre inne i hamna med verkstad. Ei landbasering av verkstaden vil bli betre enn slik dei driv i dag på flåte. Også Bokn sjøservice treng landbase og liggeplass for båt.

Sidan dette er ei fiskerihamn, har kommunen tatt kontakt med Kystverket for å få svar på om dei kan godkjenna ein slik bruk av områda. I skrivande stund er det ikkje kome svar.

I dette området innafør hamna kan det i tilfelle godkjenning berre bli tale om leige av areale.

Kjøp av industriområde

Når det gjeld det 6 mål store området nord for fiskerihamna som Wee-gruppen v/Åge



Bildet er tatt frå Knarholmen og inn mot indre og søre del av fiskerihamna kor Heskja Plate- og Sveis AD og Bokn sjøservice vil etablere seg med landbase. Framme t.v. ser ein litt av flåten kor verkstaden i dag held til i tillegg til Bokn sjøservice.

Austre Bokn bygdalag

Kjetil Hamre

Onsdag 22. mars vart Austre Bokn bygdalag stifta.

På Bedehuset møtte ca. 25 personar opp på tingingsmøtet og tonen var uformell, men målretta. Til tonar frå orgelmusikk i kjellaren vart ramma noko spesiell, og det var vel ei høgtidsstund for mange at Austre Bokn endeleg fekk eit eige interesseorgan.



Styret: fv. Susanne P. Grønnestad, Osmund Våga, Kari Christensen, Tormod Våga og Grete Iren Drilen Jøsang.

Det var ei god geografisk fordeling og mellom innfødde og innflytta til stades på møtet. Det gir håp om eit lag med brei interesse og fokus på sakene som ligg føre styret.

Val av møteleiar og referent sto som vanleg først på sakslista. Med Kari Christensen som leiar og Bernhard Våge som referent var første gode vedtak unnagjort.

Tormod Våga tok deretter fatt i vedtektene som skal styra laget si drift, presenterte dei, og med små endringar vart dei einstemmig vedtatt. Vedtektene er eit godt verktøy for drifta av Austre Bokn bygdalag.

Eit styre må alltid veljast, og valkomitéen, Bernhard, Dagfinn og Gry, hadde konkrete forslag til personar i forskjellige verv. Det var ingen innvendingar mot valkomitéens forslag, og det første styret vart som fylgjer:

Leiar	Kari Christensen
Styremedl.	Susanne P. Grønnestad
Styremedl.	Tormod Våga
Styremedl.	Grete Iren Drilen Jøsang
Styremedl.	Osmund Våga
Varamedl.	Astrid Akسدal
Varamedl.	Gunnar Solberg

Styret konstituerer seg sjølv med revisor Brynhild Tranberg som vaktbikkje.

Kva vil så laget arbeida med?

Ein brainstorming har ført til ei lang liste med satsingsområde. Det er umuleg for eit nystifta lag å gripa fatt i alt med ein gong, men det er viktig å understreka at laget skal vera ein pådrivar og kanal for fellessaker som angår bumiljø og trivsel.

- Vi vil også slå et slag for det sosiale, og i den anledning tenker vi på å lage et St. Hans-arrangement, seier Kari Christensen til Bygdabladet.

Her ligg faren i å kollidera med andre arrangement, så dette kan fort bli ein første test for laget. Modig og spennande tiltak er det uansett.

Kari skyt også inn at alle som bur på Austre Bokn er hjertelig velkomne til å vera med. Då kan dei kontakta eit styremedlem.

Minneord

Per Nesvik er død, 51 år gamal.

Han er fødd og oppvaksen på Jøsneset i Hjelmeland kommune. Foreldra var Brita og Johannes K. Nesvik. Han var nr. tre av fire sysken.

Per var sjømann, men måtte forlata sjølivet på grunn av ei arbeidsulukke. Dei siste åra etter ulukka køyrde han buss for Haugaland buss.

Per hadde interesse for mykje, men musikk, dans, venner og hagearbeid var særst viktige for han.

Som menneske var han hjelpsom og vennleg. Per stilte alltid opp når nokon trong han.

Per var ein god ektemann og far/svigerfar. Han hadde alltid glimtet i auga og delte det villig ut. Per var glad i born, både innan familie og andre.

Per etterlet seg Kona Rita og dotter Brit m/ektefelle.

Han vil bli sakna av mange.



Flott innsats av Bokn brannvesen

Jardar Havikbotn

Brannvesenet i Bokn fekk god bruk for løfteputene og klippeutstyret sitt under helikopterulukka på Austre Bokn 30. mars.

Brannvesenet fekk melding om ulukka kl. 04:43, ca. ein time seinare enn Hovedredningsentralen i Sør-Norge. Eit Sea King redningshelikopter hadde funne ulukkestaden og skulle til å fly med tre av fire skadde til Stavanger universitetssjukehus då Kjell Frode Lie og Arild Ognøy kom. Ein redningsmann frå Sea King var att for å passa på han som lå fastklemd under helikopteret.

- Me tok motorsaga fatt og begynte å saga ned tre for å bygga opp under helikopteret. Med mørke, skodde og dårleg sikt blei det ein rå start på dagen, seier Kjell Frode Lie til Bygdabladet.

Bra utstyrt

Etter kvart kom fleire frå brannvesenet med løfteputer og klippeutstur. Desse putene kan løfta mange tonn og var heilt nødvendige då brannvesenet, ambulansepersonell og politi (rundt 20 stk. til saman) med handamakt løfta opp flygemaskinen og fekk laus den skadde personen. Då var klokka ca. 06.15.

Det var losen Torger Tengs frå Kopervik som hadde ligge fastklemd i over to timar. Han skulle bli frakta frå Kårstø til eit skip vest av Kvitsøy då helikopteret måtte nødlanda 2-300 meter frå radaren i Våga, retning Vardanuten.

- Ein ubeskrivelig følelse då lufta gjekk inn i putene, helikopteret heva seg og Tengs gav uttrykk for at han kom seg laus, skyt Arild Ognøy inn.

Det viste seg at Tengs hadde brukke armen. Verre gjekk det med den engelske første-flygaren som brakk ryggen. Dei øvrige var frå Voss og Ålgård. Desse blei lettare skada, iflg. opplysningar frå Haugaland og Sunnhordland politidistrikt.

Aktivt brannvesen

Brannsjef Hans Faye kan opplysa om at 13 personar



Foto: Privat

Helikopteret som styrta er av typen Agusta 109 E Power frå Lufttransport AS.

frå Bokn brannvesen var med på redningsarbeidet, og at konstaterer fornøgd at korpset har tilfredsstillande utstyr til å handtera slike hendingar som dette. Han legg til at ulukkesdagen blei ein svært aktiv dag pga. øving på kvelden, med handtering av farleg gods og beredskapsplanen Kårstø-Bokn i samband med gassrørledningen gjennom kommunen som tema.



Foto: Privat

Nødlandinga skjedde 2-300 meter frå radaren i Våga, retning Vardanuten.

Denne gong var fokus på propantransport på E-39, med utgangspunkt i over 1.000 gasstransportar i året.

Ingen tvil om at dei frivillige i brannvesenet gjer ein solid innsats for tryggleiken i Bokn.

Markerte misnøye

Jardar Havikbotn

30. mars overleverte lærarane på Bokn skule ein appell til ordføraren i samband med Utdanningsforbundet sin landsomfattande demonstrasjonsstreik.

Rett over kl. 12.00 gjekk 16 lærarar i tog frå Bokn skule til Boknaten. Enkelte bar plakatar der det stod; *God undervisning krev tid - vern om fellesskolen!!* og *Kvalitet kostar - nei til kutt i skulen.*



Lokallagsleiar, Ruth Andersen, leverte ordførar Svein Ove Alvestad (th) eit brev frå Utdanningsforbundet Bokn etter at hovudtillitsvalt, Arne Hosaas, hadde halde ein appell.

Ordførar Svein Ove Alvestad tok i mot dei i Servicetorget, og fekk høyra hovudtillitsvalt Arne Hosaas i Utdanningsforbundet Bokn halda ein appell. Svein Ove Alvestad sa ingenting utover at han skulle lesa brevet. Etterpå sa han til Bygdabladet at han ikkje

nemnde at streiken kanskje var ulovleg.

Ruth Andersen fortel at lærarane demonstrerer mot KS si haldning i det tilbodet dei går inn i forhandlingane med.

KS seier:

- *Dagens system med sentralt regulert undervisningsplikt for ulike fag/linjer/nivå er ikke lenger tjenlig til fordeling av arbeidsoppgaver mellom lærerne.*
- *Et sentralt regulert skille mellom tid til undervisning og tid til annet pedagogisk arbeid må erstattes av tidsdisponering og oppgavefordeling innenfor en ytre arbeidstidsramme og være basert på reelle lokale hensyn.*
- *En sentral arbeidstidsavtale må åpne for at mer av lærernes oppgaver med planlegging, evaluering, kompetanseutvikling, forberedelse m.m kan legges utenom elevenes skoleår.*

Provosert

Leiar i Utdanningsforbundet, Helga Hjetland, er ikkje nådig og seier m.a. på heimesida til forbundet at KS provoserer norske lærarar. Ho seier at dei ikkje tar sine tilsette i skuleverket på alvor og opptrer utan forståing og respekt for eigenarten til læraryrket. KS på si side anser streiken 30. mars som ulovleg, og bringer aksjonen inn for arbeidsretten.

Utdanningsforbundet har fylgjande hovudkrav i 2006-oppgjoret:

- *Sikre en god lønnsutvikling for alle medlemsgrupper.*
- *Heve lønnsnivået for førskolelærerne og andre grupper.*
- *Sikre at hovedvekten av lønna fastsettes sentralt, men samtidig sikre et godt lønnsnivå og god lønnsutvikling for dem som får sin lønn fastsatt lokalt.*
- *Gi skoleverket en bedre arbeidstidsavtale.*
- *Sikre bedre lønsmessig uttelling for kompetanse.*
- *Gi en ramme i oppgjøret som gjør det mulig å nå våre lønnspolitiske mål.*



Det blei folksamt i Servicetorget då 16 lærarar troppa opp.

ville uttala seg om konflikten så lenge dette var ein forhandlingssituasjon med Kommunenes Sentralforbund (KS). Ordføraren syntest forøvrig det var leit at streiken gjekk ut over elevar og foreldre, og

- Streiken handlar ikkje om løn, men å sikra kvaliteten i skulen, seier Arne Hosaas, som er nøgd med markeringa i Bokn.

Jubileumsmarkering

Kari Hetland

Bokn Bufellesskap feiret 10 års jubileet på Sjøhuset i Alvestadkroken 10. mars.

Lederen for bufellesskapet, Ove Alvestad ønsket velkommen til lunsj for gjester i et fullsatt lokale. Han satte pris på den store oppslutningen.

Historisk tilbakeblikk

Alvestad ønsket å takke for samarbeidet med Bokn skole, Bokn kommune, samt andre samarbeidspartnere som BUF-etat.

Han tok tilhørerne med på et historisk tilbakeblikk på hvordan Bokn Bufellesskap startet;

Sommeren 1995 arbeidet Alvestad sammen med Elin Thorsen på barneverntjensten i Kopervik. I tillegg drev han gården sin på Torland. Han så under høyarbeidet på gården at han kunne trenge noe ekstra hjelp. Gjennom arbeidet i Kopervik var han heldig å få fatt i noen ungdommer. Høypressa på Ognøy skulle over til Torland. Men før den kom så langt ble den ødelagt og kunne repareres tidligst neste dag.

- Derfor måtte ungdommene ligge over på Torland og vi måtte improvisere for å få soveplass til alle, sa Alvestad. Utfra dette kom tanken om et bufellesskap som kunne hjelpe barn og ungdommer. Det var Dag Monsen, Elin Thorsen og jeg som var med ungdommene den gangen.

- Om høypressen ikke var blitt ødelagt er det kanskje ikke sikkert at vi hadde stått her og hatt jubileum i dag, sa Alvestad.



APPLAUS: Elin Thorsen, som var med fra begynnelsen, fikk overrakt blomster av Svein Ivar Langhelle.

- Om høypressen ikke var blitt ødelagt er det kanskje ikke sikkert at vi hadde stått her og hatt jubileum i dag.

Ove Alvestad (leiar, Bokn Bufellesskap)

Taler

Styreleder, Svein I. Langhelle ville trekke fram arbeidet rundt bufellesskapet. Han sa dette var en spesiell anledning, og at det var blitt en institusjon med ca. 28 årsverk og en omsetning på ca. 15 mill. i året.

- Det er gledelig å se det som dette har utviklet seg til i dag, sa Langhelle. En del av barna har fått et bedre liv etter at de har vært på bufellesskapet, sa han. Langhelle gav på vegne av styret blomster til Ove Alvestad og to buketter til Elin Thorsen. Den ene skulle formidles til Dag Monsen som ikke var tilstede.

Varaordfører, Cleng Våga ville på vegne av kommunen gratulere med jubileumet og samtidig overrekke en platte fra Bokn.

Våga var glad for arbeidsplassene som bufellesskapet skaper for bygda.

- Vi har en del utpendling av kommunen, men flere av dere som er her i dag bidrar med at Bokn får innpendling. Dette er viktig for kommunen, sa Våga.

Fra Fagteamet BUF-etat ble det trukket fram tilbakemeldinger fra familier som hadde vært i kontakt med bufellesskapet.

De opplever å bli godt mottatt av en "varm gjeng" og det gjør også vi i samarbeidet med ansatte i bufellesskapet, sa representanten fra etaten.

Teambuilding, samarbeid

Etterpå var det Kjell Inge Bråtveit fra Vard, som skulle snakke om teambuilding og samarbeid rundt emnet "Kontakt med mennesker - belastning eller berikelse" Han var inne på Marslows behovspyramide og Bromfenbrenners økologiske modell. Dette for å vise menneskets behov fra det mest basale og betydningen for å få tilbakemelding på seg selv på en god måte med omgivelsene.

Samhandling med andre er viktig for å kunne få et godt selvbilde, mente Bråtveit.

- Skal du jobbe tett sammen med andre mennesker må du gi for å få.

Teamoppgaver er viktig i en familie og medlemmene bør ha sine oppgaver for å få det til å fungere, sa Bråtveit.

Her trakk han sammenligning med en fotballkamp.

- Der må hver gjøre sin jobb for å oppnå resultater.

Når flere mennesketyper samarbeider er det viktig å finne den enkeltes sterke side og spille på lag. Det betyr mye å oppmuntre hverandre, sa han. Han trakk en sammenligning til å kunne se de enkelte fotballspilleres sterke og svake sider. Dette er også viktig i arbeid med barn.



Barn trenger oppgaver som de trives i. De blir ofte avbrutt når de klatrer i trær. Dette fordi det er "farlig". Noen barn trenger mer utfordringer og trekkes mot det som gir spenning. Barna må møtes der de er i sine interesser og behov, sa Bråtveit.

Etterpå var det åpent hus for alle.

Bokn Bufelleskap har fått fine nye kontorer og møtelokaler med utsikt ut mot boknasundet og brua.

Bygdabladet ønsker alle i Bokn bufelleskap lykke til videre i sitt arbeid med mennesker, som er noe av det viktigste man kan gjøre.

Kjell Inge Bråtveit snakket om teambuilding og samarbeid.

Sport

Markerte seg igjen

Tekst: Jardar Havikbotn - foto: privat

Dansarar frå Hegren sportsdanskeklubb gjorde nok ein flott innsats under NM i sportsdans/Vestlandsserien i Stavanger 1. og 2. april.

Det gode og sunne dansemiljøet på Sjonar rekrutterer stadig fleire medlemmer. Heile 16 par frå danseklubben var i aksjon på søndagen, derav 7 par frå Bokn.

Til topps

Roar K. Medhaug/Benedicte Mæland viste igjen at dei er komne langt, og kan vera stolte av å stå øverst på seierspallen både i standard og latin i Vestlandsserien. Dermed er dei også i år med og kjempar om å vinna serien samanlagt, slik dei gjorde i fjor.

Me gratulerer!

Kaj Raymond Mikkelsen/Amalie Våga og Christopher og Bettina S. Vik deltok også i denne klassen, Barn 2 rekruttering.

I Junior rekruttering deltok Vilhelm Våge/Ingrid B. Langhelle.

I Barn 1 rekruttering var Ruben Våga/Tonje K. Medhaug, Jone Våga/Linn Sørvaag og Tobias Y. Øvrebø/Ida Havikbotn med.

Roar og Benedicte kom også på pallen på laurdagen, 2. plass i standard og 3. plass i latin.

Neste runde i Vestlandsserien er i Haugesund 20. mai.

Det blir jobba med ei danseoppvisning i Bokn 17. mai. La oss håpa dette lar seg gjera.



Dei minste para er samla til premeutdeling, fv. Helene Thodesen/Henrik Bøhm Nilssen (Hill), Matilde Sørensen/Robin H. Riber (H), Frida Føreland/Tajei N. Svalastog (KDK), Tonje K. Medhaug/Ruben Våga (H), Cahtrine Gerrie/Richard Prøis (NJS), Jone Våga/Linn Sørvaag (H), Tobias Y. Øvrebø/Ida Havikbotn (H), og Kristoffer Kvinnesland/Malene Sørenes (H).

(H) = Hegren sportsdanskeklubb



Roar K. Medhaug og Benedicte Mæland gjekk heilt til topps i denne runden av Vestlandsserien.

P.g.a. Deadline fekk ikkje Bygdabladet tak i bilder av samtlige boknapar. Me prøver igjen ein annan gong.

Årsmøte i kyrkjelyden

Reidar Alvestad

Sjølv om det ikkje var meir enn rundt 20 framømte personar til årsmøtet i Bokn kyrkjelyd søndag den 19. mars, er det kan henda ikkje meir enn det ein kan forventar etter kyrkjetid på ein fin søndagsvårdag.



Organist Gunn Bergvoll Larsen spelar fine melodiar på pianoet for kyrkjelydsårsmøtet i bedehuset

Fint musikalsk innslag

Etter opning av nestleiar i soknerådet, Leiv Våga som leia årsmøtet, var det felles song. Så var det organist Gunn Bergvoll Larsen som bidrog med tre fine melodiar på pianoet i bedehussalen på Bokn bedehus. Vakre melodiar i fin framføring. Så gjekk dei framømte ned i matsalen kor det vart servert kaffi med noko attåt, og årsmøtet kunne gjennomførast.

Årsmelding

Kyrkjeverje Svanhild Alvestad las opp årsmeldinga som var ganske omfattande og innhaldsrik.

Bokn har berre eitt sokneråd som er både sokneråd og fellesråd. Rådet har hatt 9 møte, og eitt møte saman med formannskapet. 32 soknerådssaker og 3 fellesrådssaker er

handsama.

Statistikken syner at det har vore 29 gudstenester i 2005. Av desse var 5 familiegudstenester og 2 skulegudstenester. Vidare har det vore 4 dåp, 10 konfirmantar, 1 vigsel og 11 gravferder.

Innsamla offer i kyrkja er kr.67.502,- pluss "Brød for verda" kr.13.664,-. Til saman kr. 81.166,-

Soknerådet har i 2005 m.a. hatt utdeling av bibel til 5.klasse. Nytt av året var to samlingar med klassen ved kyrkjelydspedagogen. Det har også vore fasteaksjon den 15.03 saman med konfirmantane.

Vidare var det konfirmantfest 01.mai.

Soknerådsvalet var den 11.09. og den 12.09. Deltakarprosenten var 30%, noko som er ein stor auke frå 2001 då det var 10%.

Den 13.november var det utdeling av barnebibel til 4-åringane.



Årsmøtet lyttar til fin musikalsk framføring på pianoet av organist Gunn Bergvoll Larsen.

Aktivitet i kyrkjelyden

Den berande kristne aktiviteten i bygda er framleis gudstjenestene i kyrkja og møta på bedehuset. Gudstenesta 1. påskedag i friluft på Ognøy håpar ein kan bli tradisjon.

Konfirmantundervisninga foregår på bedehuset, men også i grupper i private heimar.

Speidartroppen er auka til 121 medlemmer. Hovudårsaka til den store auken er Ekornspeiding. I løpet av året er 44 medlemmer kome til. Ulv/meis gruppa er på 17, og 27 speidarar møter vanlegvis på speidarmøta kvar tysdag.

Barnekoret har 18 medlemmer, og er nokså stabilt i antal medlemmer.

Dåpsskulen er eit tiltak som er kome for å bli. Kyrkjelydspedagog er på plass og tar seg av dette, og ein ser på det som ei oppfylgging av kyrkjelyden sitt ansvar for å oppdra barna i kristen tru. Tilbodet går til elevlar i 1.klasse. Det heile vert avslutta med at elevane deltek på ei gudsteneste.

Alpha-kurset som starta hausten 2004 vart fullført våren 2005.

Ein har nå starta ei gruppe som har starta å lesa **Markusevangeliet**. 8-10 personar deltar på dette annakvar måndag.

Utvala

Diakoniutvalet har m.a. ansvar for besøk på sjukeheimen. Dei har også ansvar for å dela ut blom til alle over 80 år ved påsketider.

Dåpsopplæringsutvalet har i gong tiltak som står i dåpsopplæringsplanen, m.a. utdeling av dåpshelsingar. I fjor vart det laga ein temakveld om foreldre og barn ved Bjørn Austeid. Utvalet møter også på annakvar korøving med barnekoret.

Misjonsavtale

Soknerådet gjorde i 2004 vedtak om å inngå misjonsavtale med Det Norske Misjonsselskap. Kyrkjeverja skulle vera kontaktperson. Prosjektet som vart vald er Radioarbeid i Mali. M. a. skal det gjevast offerpengar frå to offer i året til prosjektet.

Kyrkjebygg, inventar og utstyr

Vedlikehald av kyrkja starta i 2005, og i skip og sakristi er alle ruter tatt ut og kitta på ny. Der det var råte er dette tatt ut og nye stykker er innsette. Pengane som var løyvde frå kommunen rakk også til skifting av vindaugo i bårhuset. Elles er det innkjøpt ein spesiallaga lysglobe til kyrkja.

Tilsette

Frå 01.01.05 gjekk Merete Alvestad over i stilling som kyrkjelydspedagog. Frå same tidspunkt vart klokkenesta utført av frivillige. Dei andre stillingane har vore uendra frå 2005.

I årsmeldinga står det til slutt at soknerådet rettar ein stor takk til dei frivillige medarbeidarane som står for den daglege drifta, både blant barn, unge og vaksne. Ein stor takk også til styret i bedehuset og dei tilsette.

Anonym gjevar doblar summen til kyrkjepiano

Bygdabladet presenterte i forrige nr. historia om SR-Bank Bokn som hadde gitt kr. 15.000,- til kyrkjepiano i Bokn kyrkje.

Dagen etter utgjevdagen til Bygdabladet ringte ein anonym gjevar og lova same beløp, slik at beløpet nå er oppe i kr. 30.000,-



Bokn som egen kommune

Jeg har gjennom mitt 5 årige opphold i utlandet, nærmere bestemt Nigeria hatt anledning til å reflektere over hvor godt vi har det i Norge og ikke minst i Bokn.

Dette med å ha en identitet og et sted å lengte tilbake til er av større betydning enn det vi nok er klar over i vårt daglige virke.

Bygdabladet har vært og er til stor nytte for oss som bor ute og gir oss informasjon om store og små begivenheter som betyr mer og mer jo lenger vekke en er. F.eks gjelder dette de hverdagslige tingene i Bokn, hva lag og organisasjoner gjør, vedtak og nyheter fra det politiske miljøet og forvaltning.

Gjennom Bygdabladet har vi også fått anledningen til å lese om ting som opp- tar folk i Bokn gjennom diverse leserinnlegg.

Den anledningen som Bygdabladet har gitt oss til å identifisere oss til en kommune som Bokn, er det som vil være kjernes spørsmålet i diskusjonen i forkant av en folkeavstemming om det å bestå som egen kommune eller ikke. Hvorfor har vi Bygdabladet sin web- side som en prioritert side å besøke hver dag? Jo, vi identifiserer oss med kommunen de dekker og de gir oss en anledning til å følge med i hva som skjer.

Dette skal ikke være et innlegg for Bygdabladet, men likevel så ønsker jeg å få frem den betydningen Bygdabladet har og vil ha i denne diskusjonen som en formidler av synspunkter gjennom leserinnlegg og referater. Jeg har med interesse lest referatene fra kommune- styret i sammenslåingsdebatten og

ikke minst ventet på leserinnlegg ved- rørende dette, og ikke uventet kom Leif Vatnaland på banen i denne debatten.

Jeg tror ikke at vi skal gjøre dette til en politisk sak, da det kan føre til en veg- ring for folk til å komme på banen med sine meninger. Det vises også til kommunestyrevedtaket der de tilrår innbyggerne i Bokn å stemme ja for sammenslåing. Vedtaket gikk på tvers av partitilhørighet.

Det som hver og en av oss nå må ten- ke gjennom, er hvordan vi vil ha vår hverdag i fremtiden, hva har Bokn som kommune gitt oss alle disse årene vi har bestått som egen kommune.

Jeg har vært så heldig å få vokse opp i en kommune hvor alt har vært lagt til rette for gode levekår. Vi har hatt en skule som har vært inkluderende og tatt vare på oss som elever, vi har en infrastruktur som har tatt vare på oss som innbyggere, vi har har en eldreom- sorg som tar vare på oss som gamle, de tenester som vi har ønsket å bruke har vært til stede.

Vi har og har hatt en politisk og admi- nistrativ kommuneledelse som har strukket seg langt i å hjelpe eksisteren- de bedrifter, (jamfr. Bokn fiskemotak , opparbeidelse av område for Bokn Plast. Etc). Før vi fikk idrettshuset og "Håkonshallen" var for liten, fikk lag, organisasjoner og private leie skulen til dansearrangement, bryllup og konfir- masjon, noe som fortsatt ligger inne i Bokn sine skulevedtekter.

Som egen kommune får våre folkevalg- te og administrasjon møte i råd og ut- valg som delegerer, finansierer, bygger ut, etablerer og prosjekter vår infra- struktur som egen kommune.

Tenk gjennom din egen hverdag og hva

kommunen betyr for deg. Er det da- gens situasjon vi vil ha eller ønsker vi å bli en del av ett større samfunn?

I dag er vi så heldig å ha både barne- og ungdomsskule noen få kilometer fra der vi bor. Hva skjer så snart våre barn når den alderen at de skal begynne på videregående? Jo, vi bekymrer oss for hvordan det skal gå når de skal reise med buss til Haugesund eller andre områder, og ikke minst når de skal på hybel. Hvordan vil vi da bekymre oss hvis de skal på ungdomskulen i Tysværvåg eller Førre, dette i en enda yngre alder?

I dag har vi et sykehjem og aldersboli- ger som dekker behovet for våre eldre, og vi som pårørende får ha dem i nær- miljøet. Hva skjer i denne sektoren, vil Bokn bli en spesialavdeling for bestem- te pasientgrupper og de andre må til Aksdal osv.?

Det er disse spørsmålene vi som inn- byggerne må stille oss , samtidig som vi må forstå og respektere de folkevalgte som er valgt til å styre en kommune innenfor gitte økonomiske rammer og må se en langsiktighet i det de gjør.

Jeg mener at samfunnsmessig og i den store sammenheng er nok sammen- slåing tidsmessig riktig, men jeg tror at vi alle må ha lov til å være litt egoistis- ke på bekostning av det Norske fel- leskapet og si Nei til denne sammen- slåingen og heller nyte årene som egen kommune fremover og med felles vilje jobbe oss frem til å fremstå som en god kommune å leve i og ikke minst jobbe i. Da vil både næringsliv og folk etablere seg i Bokn og dermed styrke dens eksistens grunnlag som egen kommune.

Mvh. Lars S. Alvestad

Ti moment for å bli tysværbu

Om eit halvt års tid tek boknarane stilling til kommunesamanslåing med Tysvær. Men tener det folk på Bokn? Svar på spørsmåla under og sjå kva du bør røysta.

1. Boknarane er tente med å få seks mil lenger veg att og fram til kommunesenteret.
2. Det er to jamlike partar som blir slegne saman. Det er ingen fare for at den eine skal vera domine- rande i forhold til den andre.
3. Det vil styrka lokaldemokratiet at talet på lokalpolitikarar i Bokn blir redusert frå 17 til ein eller to.
4. Boknasamfunnet vil vera tent med at dei kommunale teneste-

mennene i Bokn etter kvart flyttar til Aksdal for å koma nærare arbeidsplassen sin.

5. Dei administrativt tilsette og deira familiar som bur i Bokn representerar ikkje nokon verdfull ressurs som deltakarar i det lokale samfunnslivet.
6. Kommunale saksbehandlarar i Aksdal vil ha betre innsyn i og kjennskap til Bokn og boknarane enn om dei bur og verkar i Bokn.
7. Ved å fjerna vår eigen kommu- neadministrasjon og kommunale organ frå Bokn til Aksdal, vil fokus bli mykje sterkare retta mot det som tener boknaranes ve og vel.
8. Ei kommunesamanslåing med Tysvær vil skapa fleire møteplassar for boknarane i Bokn. Det vil redu-

sera faren for nedlegging og sentralisering av annan verksemd som ungdomsskulen, biblioteket og banken.

9. Viss Bokn blir lagt ned, vil bygda bli ein endå betre brubyg- gar mellom dei store hauga- landskommunane enn i dag.

10. Det er store samfunnsøkon- omiske gevinstar ved å slå Bokn saman med Tysvær. Me kan dess- utan venta at den nye regjeringa i større grad enn den førre er opp- tekne av samanslåing, sentralise- ring og av at størst mogeleg einingar gjer at fleire få det betre.

Er svaret "ja" på fleire enn fem spørsmål – då bør du røysta for kommunesamanslåing. Godt va!

Birger Lindanger
(ein gong boknar, alltid boknar)

Kulturkalenderen - nye arrangement/forandringar blir **utheva** kvar gong

- daglege oppdateringar i nettutgåva -

APRIL

- Veke 15 Påskeferie, Bokn skule
13. Gudsteneste 11.00
13. "Påskan i ord og tonar" m/påskemåltid på Bedehuset kl. 19.00 - arr. Frelsesarméen
- 16. Gudsteneste 15.00 på Ognøy - sjå under**
- 20. Sjømannsmisjonen har basar på Bokn skule**
22. Klubbkveld for ungdom
23. Ekornspeidaren går tur til Grønnestadvågen. Oppmøte kl. 15.00 i tunet til Kjell Blikshavn
23. Gudsteneste 19.00 Samtalegt. Konf. fest etterpå
27. Soknerådsmøte 19.00
27. Bokn pensjonistforening, Allrommet kl. 17.30
29. Klubbkveld for ungdom
30. Gudsteneste 11.00 Konfirmasjon

MAI

01. Frelsesarméen, fest m/bevertning og utlodning på Bedehuset kl. 19.00
07. Møte bedehuset 19.30 NMS kontaktmøte etterpå
11. Klessalg i Allrommet kl. 11.00 - 13.00 - Seniorshop. Ope for alle

12. Kino i Auditoriet
17. Gudsteneste 10.30
- 20.-
21. Ulve-og meisekrinsleir på Blikshavn, Karmøy
21. Gudsteneste 11.00
21. Ekornspeidaren til Ognahavn. Oppmøte kl. 15.00 i moloen i Føresvik
27. Klubbkveld for ungdom
28. Møte bedehuset 19.30 NLM
31. Soknerådsmøte 19.00

JUNI

01. Bokn pensjonistforening, Allrommet kl. 17.30
04. Gudsteneste 19.00
- 07. Basar på Bokn skule kl. 19.30, arr. Bokn sanitetsforening**
09. Kino i Auditoriet
11. Gudsteneste 11.00 i Loten
17. Trialløp på Bokn, KM 3
18. Møte bedehuset 19.30 Gideon
25. Gudsteneste 11.00

JULI

- 29.-
- 05.08 Speidarlandsleir på Røros

Bygdabladet presenterer små og store jubilarar

Send inn papir- eller digitalbilde og ein liten tekst, enten i konvolutt, som e-post:

gardar@bygdabladet.no eller som **MMS: 98 22 15 08**

Gratulerer med dagen!!!

Vår kjære ektemann, pappa, svigerfar, morfar og farfar, Gustav Solberg ble 64 år 22. mars.

Me vil alle ønska deg te lykke me dagen:)

Gla i deg, klem fra: Herbjørg, Gunn, Arild, Cecilie, Andreas og Carl-Fredrik. Helge, Gunnar, Anita, Sindre og Kristoffer. Nina, Sigbjørn og Sigurd André.



Friluftsandakt



Foto: Sigvart Våga

1. påskedag kl.15.00 på Ognøy

Ta med sittematter, kaffemat, egg, ev. grillmat og garantert "godt og teneleg vér".

Arr: Bokn kyrkje, Bork, Speidarane og Idrettslaget.

Ambulansetiftelsen bløffer

Mesteparten av det Ambulansetiftelsen samler inn tilfaller dem selv, ifølge bladet Kapital.

Faggruppe for prehospitale tjenester, i fagforbundet (ambulansetiftelsen) advarer nå mot å gi støtte til denne stiftelsen.

Kapital hevder at "Ambulansetiftelsen Norge" i Tau i Rogaland er langt mer lukrativ for innsamlerene enn de trengende.

Telefonseilgerene selger abonnement i Ambulansetiftelsens blad "Utrykning" for å samle inn veldedige kroner.

Regnskapet viser at kun 17% av Ambulansetiftelsens innsamlede midler ble utdelt til formålene i fjor. I 2003 var tallet 18%.

Store deler gikk derimot til provisjon til telefonseilgerene i selskapet AF Bjørlo Consult- som har samme adresse som Ambulansetiftelsen og eies av Atle F. Bjørlo.

Han er også etablerer og styremedlem i Ambulansetiftelsen, og hadde en alminnelig inntekt på 985.000 kroner i 2003.

Ifølge regnskapene har de totalt samlet inn 10,8 millioner kroner fra 1999 til og med 2004. I samme periode har de angivelig avgitt gaver i form av PC/skriver, legekoffert, hjertestarter, blodtryksmåler osv, verdsatt til 2,25 millioner kroner i regnskapet.

Av hver hundrelapp som samles inn,

har i beste fall 20 kroner tilfalt formålene. Hele 5,25 millioner, eller rundt 50 prosent, har gått til provisjon.

Kilde: Ambulansetiftelsen nr. 1- 2006

Lokalt anbefales det heller å støtte opp under arbeidet til Bokn sanitetsforening.

Kan vise til den nye hjertestarteren som er tatt i bruk i Bokn-ambulansen, som ble betalt av Bokn Sanitetsforening og levert av Bokn Røde Kors.

Med hilsen
Kaj Arne Christiansen

Sildakongen med Odin på kaien

Tekst: Reidar Alvestad - foto: Jardar Havikbotn

- Eg driv rundt omkring og leikar meg på kaiane med gamle brannbilar.

Dette seier Sildakongen til Bokn Bygdablad då me gjennom eit tips fekk vita at han fredag 17. mars sto med sild til folket på kaien i Føresvik.

Framføre brannbilen Odin som har tilhøyrt Haugesund brannvesen sto han på sitt karakteristiske vis og reklamerte for havets produkt. På spørsmål om han selde godt, sa han at det berre dreide seg om små-pengar.



Sildakongen byr fram varene frå brannbilen Odin.

- Dette er berre småpenger. Eg får 10.000 kroner for dei foredraga eg held for næringslivet som dynamisk supervisor.

- På slike småplasser som dette får eg inspirasjon til foredraga mine, seier han i velkjend stil.

- Men nå er det 25 år sidan eg var her. Nå skal eg komma ein gong i året. Bokn vil nå vera med eliten på sildaruta til Sildakongen, og må vera glad for det. Ingjen i heila ver'å har selt så mykje sild rundt omkring over disk og vore på så monje plasser. Eg er eit levandes nasjonalikon. Eg får 500.000 kroner frå rederiene. Så sel dei profesjonaliteten internasjonalt.

- Ta tre glas til!, skyt han inn til ein kunde.

- Ja, seier han, eg er dyr i drift når det gjeld marknadsforedrag, men viss de har ein pensjonistforening eller noge liknande i Bokn, er eg mild til sinns, og kan halda eit foredrag for 2000 kroner!

Odin og Tor

Dette er namna på dei to gamle brannbilane han eig.

Han har produkta sine fint utstilte i eit hyllesystem på sida i brannbilen Odin. Så fortel han at han også har kjøpt den gamle brannbilen til Bokn hos Odd Grønnestad. Denne bilen har fått namnet Tor. Han skal restaurerast, og så skal han rundt og visa han og verva folk til medlemmer i organisasjonen Sons of Norway.

På spørsmål om kva som er namnet hans utanom Sildakongen, seier han:

- Du kan skriva ka du vil, men namnet mitt er Arvid Otto Sildenskjold Mørch. Så held han fram:
- Før var Bokn den kommunen der folk hadde mest pengar i banken. Og eg er ein verdensberømt mann og står langt ute i øydemarka og sel godt til dei som er interesserte. Så tel han grovt opp setlane i kassen sin, og i 12-tida seier han at han har selt for rundt 1.600 kroner, noko han synest er lite.

Ynskjer småstat

På spørsmål om han synest det er ein god ide å slå saman Bokn og Tysvær til ein kommune, svarar han:
- Nei, det blir berre puslete. Me burde slått saman adle kommunane på Haugalandet innover til eidet mellom Ølen og Sandeid. Der burde den naturlege grensa gått. Og så måtte Kvitsøy vore med. Så kunne me lagt ned det tullet med fylkeskommunen og gjort den nye haugalandssamanslåinga til ein ny stat - ein småstat!

Og medan me gjer oss ferdige med praten, driv han parallelt og snakkar med kundane sine. Nokså ofte får han dei til å kjøpa andre slag av produkta sine, eller nokså mykje meir enn det dei i utgangspunktet hadde bede om. Og at han er ein god marknadsfører og fargeklatt der han viser seg, kan det ikkje vera tvil om.



Sildakongen slår ut armene framfor Olaug Hognaland t.v. og Anna Hognaland t.h. Det ser ut som han skal syna storleiken på ein fisk.

Barnehagedagen 2006: Barn på alvor

Jardar Havikbotn

Bokn barnehage markerte Barnehagedagen 21. mars med å invitera besteforeldre til open dag.

Styrar Tone Børgesen fortel til Bygdabladet at 28 av 36 barnehagebarn var med og tok i mot 25 besteforeldre/foreldre denne tysdags føremiddagen.

Det blei etterkvart mykje folk på fellesrommet i sentrum av barnehagen, etter at familiemedlemmene hadde fått vore med sine rundt omkring på huset; fargerike og trivelege lokale med diverse utstillingar av ungane.

svært koseleg ut då underteikna forlot barnehagen.

Inkluderande læringsarena

Utdanningsforbundet, KFO og Fagforbundet har gått saman om å fronta alle barnehagane i landet. I fjor var fyrste gongen dagen blei arrangert, og på bakgrunn av positive erfaringar ynskjer dei å gjera dette til ein tradisjon.

Forbunda vil ha fokus på kva barnehagen skal vera; ein inkluderande læringsarena med plass for alle barn. Barnehagedagen 2006 er ei synleggjering av dette.



Avdelingane Bokn Bruse (øverste bildet) og Småtroll hadde ulike optrinn for 25 besteforeldre/foreldre på Barnehagedagen 2006.

Gjestene fekk også sjå og høyra flotte musikalske optrinn frå avdelingane Bokn Bruse og Småtroll før det blei tid for mat.

Dei minste gav uttrykk for at det var stor stas å ha besteforeldre/foreldre på besøk, og det heile både så og høyrdest

Barnehagen har nettopp fått ein ny rammeplan som legg vekt på at "barnehagens samfunnsmandat er å tilby barn under opplæringspliktig alder et omsorgs- og læringsmiljø som er til barns beste."

Aktivt musikkorps

Julianne Nilssen

Vårkonsert

Tradisjonen tru arrangerte korpset vårkonsert i mars. På programmet stod musikk av aspirantar, skulekorps, Bokn Brass, og av elevar frå musikkskulen.

Oddrun Nilssen dirigerte aspirantane. Dei viste oss at dei hadde følgt godt med i timane, ved å spela fleire fine songar for oss.

Skulekorpset spelte Meet The Flintstones, My Love og Danser med ulver. Karina Kjetland og Charlotte Grønnestad var solistar på sistnemnde. Dirigent var Lillian Grønnestad.

Elevar frå musikkskulen underheldt på piano, med lærar Venevil Birkelund.

Saman med "Rustne horn"

Bokn Brass har dei siste månadene hatt eit samarbeid med eit korps frå Førland. Tysværbuane kallar seg "Rustne horn", og er 8 stk.

Dei mangla dirigent, og korpset her ville gjerne ha fleire å spela i lag med, derfor dette samarbeidet.

På konserten telde korpset 23 musikanter, noko som merkbart gir eit betre korps.

Brassen spelte to stykker frå operaen Tryllefløyten av Mozart. Her var Anne Faye med på fløyte og lagde tryllefløytestemming. Ho var også solist på songen If You Leave Me Now. Oddrun Nilssen var songsolist i ein norsk folketone Ved Nesland kyrkje. Korpset slutta av med Go West og The Final Countdown.

Mozart

Siden det er Mozart-jubileum i år, ville me markera dette under konserten. Venevil Birkelund fortalde om komponisten og spelte sjølv det flotte stykket Fantasi i d-moll.

Under Brassen si Mozart-avdeling gjekk dei minste musikantane rundt i salen og delte ut Mozartkuler i sjokolade.

Kaffipause høyrer med, og kaker blei servert ved bordene. Loddsal blei det og tid til.

Det var godt med folk som hadde møtt opp denne ettermiddagen, tysværbuen hadde tatt med seg sine familiar og det er jo bra.

I slutten av mai er det Bokn Brass sin

tur til å vera med til Førland og halda same konserten der.

Småkorpskonkurransen i Førde

Søndag 2. april deltok Bokn skulekorps på korpskonkurransen i Førde.

Det var 9 korps frå distriktet som var med. Det blei konkurrert i musikk og underholdning. Bokn hadde nok lagt ned mest arbeid i musikken, og dette gjekk ut over plasseringa.

Bokn skulekorps var det korpset som først blei ropt opp på scenen under premieutdelinga. Berre synd at dei begynte opplesinga frå nederste plassering på resultatlista.....

Men, kjekt å få vera med, me kjem sterkare igjen neste år.

Årsmøte

Korpset hadde Årsmøte 13. feb, og som på så mange andre årsmøter kunne oppmøte ha vore betre.

Formann Odd Grønnestad gjekk gjennom årsmelding og rekneskap.

Her kom det bl.a. fram at korpset i 2005 ikkje hadde nokon betalande støttemedlemmer. Me oppfordrer herved boknarane til å støtte opp om korpset, og vise at De set pris på den fine musikken me spelar for deg på 17. mai.

Val: Nytt styre i korpset er:

Odd Grønnestad	- Formann
Annstein Vik	- Nestformann
Anne Lise Nilssen	- Kasserar
Julianne Nilssen	- Sekretær
Margareth Bokneberg	- Styremedlem
Harry Bokneberg	- Styremedlem
Espen Alvestad	- 1. varamedlem

Årsmelding frå Bokn Musikkorps

Styret har vore samansett slik :

Odd Grønnestad	- Formann
Annstein Vik	- Nestformann
Anne Lise Nilssen	- Kasserar
Kristin Eide	- Sekretær
Julianne Nilssen	- Styremedlem
Harry Bokneberg	- Styremedlem
Espen Alvestad	- 1. varamedlem

Aspirantar

Oddrun Nilssen har vore instruktør for denne gruppa. Me har hatt fire 2.-års-aspirantar og tre

1.-års-aspirantar.

Skulekorpset

Lillian Grønnestad er dirigent. Me har 21 medl. her.

Skulekorpset har vore på Higre Brass konkurranse i feb., Øyastevne på Finnøy i juni, Karmøy Brassfestival i sept. og på Blåtur i lag med aspirantane i nov. Det er godt oppmøte på øvingane, og gjengen ser ut til å trivast godt i lag.

Bokn Brass

Jardar Havikbotn er dirigent her. Dette korpset har ca 15 vaksne medlemmer, + 3 av dei eldste i skulekorpset.

Arrangement i 2005

- Bingo 18.01.
- Årsmøte 09.02.
- Bingo 20.02.
- Seminar Bokn Brass 05. og 06. 03.
- Bingo 13.03.
- Seminar, aspirantar og skulekorps 02. og 03.04.
- Vårkonsert 24. 04.
- 17. Mai (Tombola, Ball/pilkast og Loddbok)
- Øyastevne på Finnøy 03. og 04. 06.
- Utedans 09. 06.
- Bingo 02. 09.
- Karmøy Brassfestival 24.-26. 09.
- Bingo 09.10.
- Auksjon 22.10.
- Bingo 06.11.
- Blåtur for aspirantar og skulekorps 12.11.
- Seminar m/overnatting ,aspirantar og skulekorps 19. og 20.11.
- Seminar, Bokn Brass 26.11.
- Luciafest 11. 12.
- Skulekorpset spelte i kyrkja Julaften
- Bokn Brass spelte i kyrkja Nyttårssaften

Sluttord

Bokn Musikkorps er inne i ei positiv utvikling, medlemstalet aukar, og me håper det blir slik også i 2006. Me har hatt mange vellukka arrangement i 2005, og har bl.a. reist på fleire turar der korpsmedlemmene får ha foreldre og sysken med seg. Det ser ut til å treffa bra.

Styret er alltid avhengig av velvillige foreldre, og vil her til slutt nytta høve til å takka alle for god hjelp i året som er gått.

Mvh. styret

Fra barnemunn

Når babyen er inne i magen på mamman kalles den et foster. Mamman kalles fostermor. Det første som vokser på fosteret er ørene - Ida 7 år.

Eldre kan ikke få barn. Deres eggstokker har sluttet og dessuten har mannen problemer med protesen - Petter 9 år.

Om man ikke vil være gift lenger, for at mannen kanskje var dummere enn man trodde så kan man

skilles som venner - Marie 7 år.

Graverede kvinner går med babyen i magen i ca. 204 måneder - Hedda 6 år.



Ingenting avgjort om kommunesamanslåing

Reidar Alvestad

Saka som var oppe til avrøysting i kommunestyret den 21. mars om kva tilråding kommunen sitt øverste organ skulle gi til innbyggjarane, ga ingen svar på om det blir kommunesamanslåing eller ei.

Og det var vel heller ikkje venta. Rundt 20 tilhøyrarar hadde tatt vegen til møtet for å høyra kommunestyrerepresentantane sine innlegg.

mot kommunesamanslåing. Det endelege resultatet vart då sjåande slik ut:

8 røysta for å tilrå kommunesamanslåing

7 røysta for å frårå kommunesamanslåing

2 røysta for eit punkt om å avstå frå å gi befolkninga råd om kommunesamanslåing

Dette syner at meiningane er delte, og det blir såleis folkeavrøysting

June Grønnestad	(H)
Jostein Larsen	(H)
Sigurd J. Svendsen	(Uavh.)
Kyrre Lindanger	(A)
Gunnar Solberg	(A)
Ottar Borgenvik	(Sp)

Desse røysta for eit punkt om å avstå frå å gi befolkninga råd om kommunesamanslåing:

Osmund Våga	(Sp)
Merete Alvestad	(Sp)

Alle uttala seg

Denne gongen uttala alle representantane seg og grunnga kvifor dei røysta som dei gjorde.

Ordførar **Svein Ove Alvestad** (H) var først ute og orienterte om bakgrunnen for saka, og korleis arbeidet med saka hadde gått føre seg fram til i dag. Han orienterte også om at det var kome svar på søknaden til departementet om midlar til kommunesamanslåing. Løyvinga blir på 24.85 mill. kroner. Av dette går 5,05 mill. kroner til eingongskostnader i samband med ei ev. samanslåing, og 19,8 mill. kroner til infrastruktur. Ordføraren snakka vidare m.a. om avtalen mellom Bokn og Tysvær, og at han hadde tillit til at dei nye politikarane i ein ny felles kommune ville sørge for at det som står i avtalen ville bli gjennomført.

Det vil bli for detaljert å gå inn på alle innlegga, men alle argumenterte for sitt standpunkt.

Åse Bratthammer (Sp) fokuserte på dei mange positive sidene ved boknasamfunnet. Ho peika på Bokn Plast som ei aktiv industribedrift, dyktige folk i primærnæringane, gode tenester i kommunen og kompetanse på mange felt, både i det kommunale og det private næringsliv. Ho peika også på alle frivillige organisasjonar som var med på å oppretthalda eit levande lokalsamfunn. Difor var ho skuffa over konsekvensutgreiinga som ho meinte ga eit feilaktig inntrykk av boknasamfunnet. Ho meinte difor at boknasamfunnet ville greia seg godt, men ho ville bruka kreftene internt i Bokn framfor å sitja som ein av 17 i kommunestyret kor det var lite



Kommunestyret den 21.mars 2006 var benka til eit langbord midt i Allrommet med tilhøyrarane langs veggene.

Vil slutta seg til fleirtalet i folkeavrøystinga

I vedtaket som blei gjort, var det kome eit tillegg til punkt 7 om at kommunestyret vil slutta seg til resultatet av folkeavrøystinga den 18. september.

Gi råd eller ikkje?

I kommunestyret kom det opp eit framlegg om at ein ikkje skulle gi råd for eller mot ei kommunesamanslåing. Ei prøveavrøysting på dette resulterte i at det berre var 6 som røysta for at kommunestyret ikkje skulle gi råd.

I den endelege avrøystinga på punkt 8, vart det så gitt rom for eit 3. standpunkt om å avstå frå å gi råd, i tillegg til punkta for eller

tinga den 18.september som avgjer om Bokn framleis skal vera eigen kommune, eller om det blir samanslåing mellom Bokn og Tysvær.

Dei som røysta for å tilrå kommunesamanslåing var:

Svein Ove Alvestad	(H)
Gunnar Bokneberg	(H)
Ann Strand	(H)
Helga S. Alvestad	(H)
Sigmund Alvestad	(Kr.F)
Marie L. Faye	(A)
Åse Bratthammer	(Sp)
Kleng Våga	(Sp)

Desse røysta mot å tilrå kommunesamanslåing:

Per Helge Sunde	(H)
-----------------	-----

handlingsrom i og med at det meste var delegert og bestemt på førehand kva pengane skulle gå til. Ho meinte at sjølv om Bokn og Tysvær slo seg saman, ville nye politikarar i ein større kommune også ta ansvar for Bokn.

Kleng Våga (Sp) meinte at ein måtte ha svært gode grunnar for å forsvara å vera ein kommune under 1000 innbyggjarar, sjølv om nokre små kommunar er så rike at dei ikkje vil dela rikdomen sin med andre. Han syntes analysen i konsekvensutgreiinga var god, og ga eit godt bilde av saka. Han meinte Bokn hadde dårlege utsikter til å bli ein kommune i vekst ved å stå aleine.

Kyrre Lindanger (A) sa at bakgrunnen for hans standpunkt om å frårå kommunesamanslåing var kva som vil tena boknarane. Han viste til signal frå den nye regje-

ringa om at kommunesamanslåing ikkje er vegen å gå, og at også Fylkesmannen nyleg uttala at Bokn og Tysvær kunne ta fatt på utfordringane også ved å halda fram som eigne kommunar. Han viste til signal frå regjeringa som la til rette for meir albogerom og betre økonomi for både store og små kommunar, og at trenden med kommunesamanslåing som løysing på mange problem er i ferd med å snu.

Han meinte at Erna Solbergs politikk på dette området ikkje førte til noko særleg, det var ikkje dette folk ynskte seg. Han peika på at det norske lokaldemokratiet var i ei særstilling, og at landet har økonomi til å føra den finmaska kommunestrukturen vidare. Han viste også til den nye infrastrukturen som vil koma med T-sambandet og Rogfast, kor Bokn vil ligga sentralt og få nye

utviklingsmuligheiter.

Sigurd Johnny Svendsen (Uavh) syntes ordføraren var for mykje opptatt av negative tendenser i boknasamfunnet. Sjølv hadde han problem med å sjå dei store fordelar med samanslåing. Han meinte Bokn var ein solid kommune, og er liv laga som eigen kommune, både økonomisk og samfunnsmessig, med gode menneske kvalitetar.

Vidare meinte han at det var feil av kommunestyret å senda tilråding til folk om å røysta ja eller nei til kommunesamanslåing. Det kunne folk ta standpunkt til sjølv, utan tilråding frå kommunestyret.

Osmund Våga (Sp) og **Merete Alvestad** (Sp), meinte det var feil å gi råd til folk korleis dei skulle røysta. Osmund Våga sa at dette ville bidra til å øydeleggja ein debatt om saka.

Kultur

Bygdabladet for 20 år sidan

Frå nr. 3 1986

Bokn hagelag

Bokn Hagelag starta som eit resultat av ein vervekampanje Det Norske Hageselskap gjekk ut med i 1984. Då fekk etablerte hagelag i oppdrag å freista starta nye hagelag i grannekommunane. Karmøy og Haugesund hagelag kom til Bokn, og slik kom Bokn hagelag i gang.

Det fyrste konstituerande møtet hadde me 3. april 1984, og fyrste formann var Arne Ognøy. Noverande leiar er Else Kjellesvik. I dei to åra som er gått sidan oppstartinga har me jamnleg hatt medlemsmøter med forelesar utanfrå som har teke føre seg ulike emner med tilknytning til hagestell.

Antal medlemmer har auka jamnt og trutt, slik at me pr. dato har passert 40. Eit av problema til styret har vore at ein som medlem ikkje har hatt stort andre føremoner enn medlemsbladet frå Det Norske Hageselskapet. No skal me kjøpa inn ei kompostkvern som medlemmene vil få låna gratis. Like eins vil me i vår freista få til eit samlekjøp av buskar og tre hos Trond Tveit. Der vil me kunna oppnå ein viss prisreduksjon.

Det største arrangementet vårt har vore plantebytedagen i mai. I år vil me freista leggja denne dagen opp på ein litt annan måte, slik at me kan få inn litt pengar i ein slunken kasse. Soleis ber me folk som har overskot av blomar og buskar om å ta kontakt med Else Kjellesvik eller Arvid Jøsang, så vil me koma rundt og henta dette inn til plantebytedagen. Hugs at dei fleste stauder berre har godt av å bli delte. Tenk og på dei som har nye hagar og som manglar det meste av både blomar og buskar. På denne dagen vil det og bli seld ein del sommarblomar o.l. Trond Tveit kjem og med eit utval av buskar og tre. Er det noko spesielt du vil ha, kan du ringe og tinge dette på førehand.

Har du ikkje vore på nokre av møtene våre, men har lyst til å læra meir om hagestell: Møt fram på eit av møtene. Der kan du i alle fall læra av dei feila andre har gjort før deg. Du får som regel lapp i posten nokre dagar før me har møte.

(NB! Du treng ikkje vera medlem for å møta opp.)

Arvid Jøsang

Friluftsrådet Vest

På årsmøtet i Nord-Rogaland og Sunnhordland Friluftsråd på Sauda Fjordhotell 23. mars, vedtok eit samla årsmøte å skifta namn til Friluftsrådet Vest.

Bakgrunnen for vedtaket er å fronta det regionale friluftssamarbeidet i Sunnhordland og Nord-Rogaland under eit meir slagferdig og enklare namn enn det gamle. Ny logo vil og bli utarbeid med det første.

Årsmelding og arbeidsprogram 2005 vart vedteke.

Av ei samla omsetning på 4,6 millionar utførte Friluftsrådet i 2005 tilretteleggingstiltak og informasjonstiltak til ein verdi av 1,5 mill., og driftstiltak til ein verdi av kr. 1.9 mill. i dei 67 områda som Friluftsrådet forvaltar i 11 medlemskommunar.

Arbeidsprogrammet inneheld mange nye tiltak i friluftsområda, informasjons og driftstiltak med ei total budsjettramme på 5,3 millionar.

ung.no

Ei statleg nettside om ungdommane sine rettigheter, muligheter og plikter.

På **ung.no** finn ungdommane informasjon innan dei fleste område og emne, om alt frå arbeid, sommarjobb, mobbing, forbrukarstoff, nettverk, musikk, frivillig arbeid, kriminalitet, rusmidlar, sex og samliv, prevensjon og mykje meir.

Alt som er samla på nettsida er kvalitetssikra, reklamefritt og tilpassa ungdom, slik at det er lett å forstå. På **ung.no** får ungdom svar på det meste dei lurar på.

Dei kan kommentera artiklane, og dei kan senda inn spørsmål anonymt.

bygdabladet.no er tre år!

Det er hyggeleg at fleire og fleire seier at bygdabladet.no er ein naturleg del av den daglege avisrunden på internett. Og mange legg også bladet si webside som startside. Dei som ofte er inne på sida kan ikkje unngå å sjå forandringar, særleg i venstremenyen.

Her har det blitt lettare og luftigare, og fargar skal gjera det enklare å finna fram. Ikkje alle kategoriene under hovudfanane er like aktive, p.g.a. kapasitet, og slanking av opplistingane er under vurdering.

ANNONSER (venstremenyen)

Tidlegare er det varsla at PDF-nedlasting av papiirutgåva kjem. Ein blogg-funksjon er også under vurdering.

Det går nå an å senda inn annonser som du vil ha på nettet, med bilde. Desse rubrikkannonserne vil kosta kr. 50,- + moms for ein månad på nettet, og kan innehalda ubegrensa med tekst. Faktura blir

Tinglysing i fast eiendom

31. mars 2006 overtar Statens kartverk ansvaret for tinglysing i fast eiendom fra Karmsund tingrett.

Tinglysing for kommune Bokn, Karmøy, Tysvær, Utsira og Vindafjord vil fra denne dato skje ved Statens kartverks hovedkontor i Hønefoss.

Torsdag 30. mars vil være siste dag Karmsund tingrett formelt har tinglygingsmyndighet. Fredag 31. mars vil tinglygingsmyndigheten ligge hos Statens kartverk.

Dokumenter som kommer inn til Karmsund tingrett fredag 31. mars, oversendes til Statens kartverk og registreres i Grunnboken mandag 3. april av Statens kartverk. Dokumentene vil imidlertid få prioritet fra fredag 31. mars. Dokumenter som kommer til Karmsund tingrett fra og med mandag 3. april, vil bli returnert til innsender.

Etterskuddsbetaling ved Statens kartverk

Tinglysing av rettigheter i fast eiendom ved Statens kartverk faktureres i etterkant. Statens kartverk fastsetter gebyrer og avgifter og sender faktura til den som har begjært tinglysingen.

På alle dokumenter som skal tinglyses skal det påføres innsenders organisasjonsnummer eller fødselsnummer i egne rubrikker eller øverst til venstre i de standardiserte skjemaene.

I de tilfeller innsenderen er en underenhet av en organisasjon, for eksempel en bankfilial eller en eiendomsmeglerfilial, skal denne underenhetens organisasjonsnummer brukes, i tillegg til navn og adresse. Dette vil sikre at dokumentene raskt returneres til riktig adresse og ikke må omveien om hovedkontoret. Faktura vil også bli sendt til samme adresse.

For nærmere informasjon: www.tinglysing.no.

Kontaktinformasjon Tinglysingen (fra overføringsdato)

**Statens kartverk, Kartverksveien 21, Hønefoss
Postadresse: Statens kartverk, Tinglysingen,
3507 Hønefoss**

Ekspedisjonstid: 09.00-14.00

Telefon: 32 11 88 00

Telefaks: 32 11 88 01

E-post: tinglysing@statkart.no

Nettside: www.tinglysing.no

Du går inn på **Send inn annonse** og fyller ut skjemaet. Annonse, enten det er kjøp eller sal, tapt eller funne, osv., blir så lagt ut på nettet etter at eg har godkjend han.


OBS! Den automatiske bildekomprimeringa er ikkje heilt ferdig enno, og fram til dette er klart må ikkje bilde ha meir enn 440 pixslar i breidde.

Nytt & nyttig er tatt bort, til fordel for denne enkle og etterspurde måten å annonsere på. Eg håpar dette blir ein fin markeds plass som folk vil nytta seg av. Bygdabladet.no får stadig fleire lesarar.

Kryssord, Sudoku og Wordoku med lokal snert

Her har du litt å kosa deg med i påska. I motsetning til julekryssordet er det no berre løysingssetningen som har lokal tilknytting. Denne setningen samt eit lokalt ord i wordoku'et nederst til høggre kan du senda inn til Bygdabladet, og du er med i trekningar om konfektesker.

Fasitar og kunnjingering av vinnarar kjem i neste blad.



Handdyr	1000	Farge	Klokke	Tabbert	Nasj.
Mynt	Dyr	Kelsar	Kvesse		Fase (omv.)
Fisken				Fugl	
Namn		Rykete		Fri	
Sperje		Svar			
Krafta					Lyste
Pop-gruppe		Kule			U-kjend
Lurte	Haste	Elv	Stat	Verdsdel	Strå
					Jern
Krype			Dekket		
			Vente		
Plantene	50	Tre like		Reine	
		Natrium	Na-boar	Kommune	Seie fram
Totalt	Namn		Andre	Bygning	Oppdrett
Nasj.			Stakk		Fred
		Vo-kalar	Rekke		Snudde
Glei					

Setningen i tilknytting til bildet samt lokalt ord i wordoku'et under kan sendast pr. brev, e-post eller SMS:

Bygdabladet
Boknatun
5561 BOKN
E-post:
jardar@bygdabladet.no
SMS: 98 22 15 08

innan 24. april

Wordoku

I wordoku gjeld dei same reglane som i Sudoku, med den forskjellen at det her skal brukast bokstavar som skal brukast, er oppgitt ved kvart brett.

Dei som sender inn må altså finna eitt lokalt ord frå wordoku'et under her.



Sudoku

Sudoku er eit puslespel med tal, der det ikkje er nødvendig å vera god i matematikk. Du får presentert 9 kvadrat, som kvart har 9 ruter.

Målet er å fylla ferdig alle desse rutene med tal frå 1 til 9.

Kvart kvadrat kan innehalda kvart av tala berre ein gong. I tillegg kan

kvart vassrette og loddrette linje også innehalda tala berre ein gong.

Det finst berre ei mogleg løysing for kvart diagram.

Sudoku - lett

		4	9		3		6	
	9					8	3	4
6			4				2	7
2	1		7		9	6	4	
		8			2	3		
3	7					5		2
	2				7		9	3
9		7	3		5	2		
					4			1

Sudoku - middels

2		6	3				5	
			8	1				6
8	4				2	9		
4	7		5					
		1					3	7
			8				5	9
		7	9	6	1			

Wordoku med lokalt ord

				G				
	V							
O	T	Å	V	S				N
							A	
T	R				A		Å	
			V	T				
	N		O	S		T	R	
		A			N			Å
					V			O

Kulturmidlar 2006

Personar, organisasjonar, foreningar, lag og institusjonar som driv eller vil starta kulturverksemd i Bokn kommune kan etter søknad få stønad frå kommunen.

- Dei som søker for første gong kan få oppstartingsstønad. Storleiken på denne stønaden er avgrensa oppover til kr. 2.000,-
- Søkjarar må leggja ved avskrift av rekneskap for 2005 og budsjett for 2006 i tillegg til å fylla ut søknadsskjemaet på ein tilfredsstillande måte.
- Kulturmidlane det blir søkt om bør vera bakte inn i budsjettet for 2006, og det skal gå fram av søknaden korleis søkjaren tenkjer å bruka pengane.

Desse krava må oppfyllest for å få stønad.

Kr. 10.000,- går til eit spesielt tiltak. Midlane går til den søkjaren som For-

mannskapet meiner har den beste søknaden. Dette gjeld ikkje vanleg drift, men større arrangement som kulturkveldar, konserter og utstillingar, osv., eller større investeringar.

Søknader som ikkje fyller krava som er gitt, eller kjem inn etter søknadsfristen, får ikkje stønad.

Årets pott er på kr. 120.000 og kulturmidlane for 2006 blir fordelte i formannskapsmøte 30. mai.

Samtlege som mottok støtte i fjor får tilsendt søknadsskjema i veke 16.

Nye søkjarar kan få søknadsskjema i Servicetorget på Boknatun.

Du kan også få tilsendt søknadsskjema på e-post. Send då ein mail til jhavikbotn@bokn.kommune.no

Søknadsfrist 12. mai.



Innskriving av elevar til 1. kl. i Bokn for skuleåret 2006/2007

Velkomen til innskriving for 1. kl. 2006/2007 på Bokn skule fredag 28. april kl. 09.00.

Alle barn i Bokn som er fødte i 2000 eller før, og som ikkje har byrja i skulen, skal etter §2-1 i Oppføringslova skrivast inn.

Det kan innvilgast utsett skulestart med eitt år etter søknad frå foreldra/føresette. Likeeins er det høve til å søkje om framskoten skulestart med eitt år dersom barnet fyller 5 år innan 1. april 2006. Avgjerd om utsett eller framskoten skulestart skal takast etter sakkunnig vurdering frå PPT.

Søknadsfrist for begge er 15. mai 2006.

Det vert sendt ut innbyding til kvar elev med fleire opplysningar om innskrivingsdagen.

Velkomen til Bokn skule!

Med helsing
Ingjerd Ellingsen
rektor

Dame-quartzur, magno therapy

Funne på kyrkjegarden 29. mars.

Eigaren får klokka igjen i Servicetorget på Boknatun, 52 75 25 00



Bokn & Tysvær begravelsesbyrå

John Magne Lie
90 72 49 64

Kjell Frode Lie
90 78 37 97

Hjertelig takk for all medkjensle og blomsterhelsingar som vart vist ved vår kjære Per Nesvik sin bortgang og gravferd.

Rita, Brit, Kenneth

Mandag til torsdag
09.00 - 17.00
Tlf. 52 74 83 16

COOP BOKN

Fredag 09.00 - 18.00
Lørdag 09.00 - 14.00

- Dagligvarer
- Medisinutsalg
- Postfilial
- Bensin-Diesel
- Driftsmidler
- Bank i butikk

coop
marked

TILBUD SKJELLSAND

Kr. 160,- pr. m3 fritt utkjørt innmark

Kr. 170,- pr. m3 fritt utkjørt utmark

**Kontakt Morten Ullenes
4150 Rennesøy**

51 72 31 33

900 16 817



HÅRSMIÅ

Austre Bokn - mot Våga



HÅRSMIÅ har i tillegg til ukedager åpent
lørd. 29. april, dagen før konfirmasjonen.

Fører goldwell-produkter. Tlf. 52 74 86 47 - 99 03 72 03

Mona

Kultur

Politikk

Annonse

Godteri i bokform

Merete Alvestad

Når det blir kveld og me skal roa oss ned, er det koseleg å finna fram ei god billedbok som heile familien kan forstå noko av. Dei minste kommenterer bileta, dei større sluker kvart ord du les og me vaksne humrer over små poeng som går ungane forbi. Gode billedbøker er godteri i bokform.

Problemet er at om du eter bamsemums kvar dag, så spyr du av det til slutt. Det gikk kaldt nedover ryggen på meg når eldstemann foreslo den same boka for 28. gang. Den mellomste svarte med å daska broren i hovudet med si yndlingsbok, og dermed var kosen borte vekke.

Løysninga for oss var å kasta oss over bokkassane på biblioteket. Her bugnar det av små perler, fengande historier og nydelige illustrasjonar. Me les ei ny bok kvar kveld. Dei laaange og dei skremmande let me stå. Dei beste er dei med fine bilder og kort tekst. For ikkje å gå i surr, starta me på Å og jobbar oss oppover.

Til no har me blitt kjent med store personlegdommar som "Fiat og farmor" og "Bergfri og Kakaoen". Me har lett etter dokka til Labolina og brukt 5 minuttar på kvar Thomas-bok. Nokre av bøkene er så gode at dei fortener ein repetisjon.

Dykk ned i denne bokskatten du og! Det finns bøker for alle aldrar. Det er god hjelp å få om du vil ha noko spesielt. Eg har vore på biblioteket i dag, og gler meg alt til ei spennande lesestund i kveld.




KONFIRMANT?

På biblioteket
finn du inspira-
sjon til pynting
av
Konfirmasjons-
bordet.



Boktips:

- Gunnars, Anita: Serviettbretting
- Lundberg, Helene: Blomster og servietter
- Johansen, Ann C.: Bordkort
- Jones, Bridget: Servietter
- Rabe, Beate: Vi pynter bordet
- Rø, Hilde Vormedal: Bordkort



Frå formannskapsmøte 07.03.2006

Sak 015/06 **Fag- og timefordelingsplan for Bokn skule frå 01.08.2006.**

Formannskapet sitt vedtak: Det ble vedtatt fag- og timefordelingsplan for Bokn skule frå 01.08.2006.

Sak 018/06 **Meldingssak –vei/avkjørsel over kommunal boligtomt på Øyren.**

Formannskapet sitt vedtak: Det blei ikkje godkjent at del av kommunal bustadtomt blir nytta som avkjørsel.

Sak 018/06 **Meldingssak – arbeidsløyse, samarbeid med Aetat og trygdeetat vedr. høgt tal arbeidslause.**

Formannskapet sitt vedtak: Orienteringa blei tatt til etterretning. Ein ser alvorlig på saka og formannskapet er villige til å vera med på eit samarbeid saman med Aetat og Trygd for å finne løysningar. Formannskapet ynskjer at det vert lagt fram eit forslag til tiltakspakke med finansiering for aktuelle prosjekter.

Sak 020/06 **Kommunalbanken – lån nr. 20020825.**

Formannskapet sitt vedtak: Rådmannen si innstilling blei vedtatt om at ein ikkje kunne akseptera krav/tilbod frå Kommunalbanken.

BORK INFORMERER!

KJØREKURS:

**MANDAG 1. MAI, KL.18-20,
ARRANGERER BORK KJØREKURS PÅ OGNØY.
DET VIL GÅ OVER FEM GANGER.**

**FOR INFO OG PÅMELDING
ANNE LISABETH :90 20 82 80**

SPRANGKURS OG STEVNE:

**VI HAR OGSÅ LEDIGE PLAGSER PÅ SPRANGKURS
SOM GÅR PÅ TORLAND.
DET VIL BLI AVHOLDT KLUBBSTEVNE I SPRANG
27. MAI, ALLE ER VELKOMNE!**

**FOR INFO OG PÅMELDING :
HILDE: 47 23 59 28**

UTLEIGE AV HESTEHENGER:

**BRUKSOMRÅDE:DYRETRANSPORT,
VEDKJØRING, FLYTTELASS O.L**

**DØGN PRIS 250 KR.
ÅRSLEIGE 1000 KR.**

Div. tenester på Boknatun

BOKN FYSIOTERAPI

Onsdag og torsdag og enkelte mandagar.
Direktenr. 52 75 25 33. Ta kontakt for avtale.
Geir Austvik - fysioterapeut

BOKN FOTTERAPI

Kvar tysdag og fredag kl. 08.30 - 15.00
ved fysioterapirommet.
Enkelte laurdagar etter avtale.
Ver venleg å bruke tilhøyrande inngang.
For timebestilling tlf. 52 74 84 79/99 70 74 28
Direkte nr.: 52 75 25 33
Rita Jensen - fotterapeut

TRYGDEKONTORET

Kontortid kl. 9.00 - 14.30
Telefontid kl. 8.00 - 15.30

Trygdeetaten i Rogaland har fått
nytt Kundesenter og nytt telefonnr.

815 81 000

E-post: rogaland@trygdeetaten.no

Ingunn Sunde - trygdesjef

LANDBRUKSKONTORET

Kvar torsdag kontordag i Boknatun
kl. 9.00 - 12.00.
Direktenr. 52 75 25 13
Avtale etter kl. 12.00 må gjerast særskilt.
Kan treffast på rådhuset i Tysvær andre
vekedagar, tlf. 52 77 05 00
Bjørn Bruaset - jordbrukssjef

DAGSENTERET

Ope kvar torsdag kl. 10.00 - 14.00
Me held til i fellesstova til omsorgsbustadene.
Trenng du skyss, blir du henta på døra.
Nye brukarar blir spesielt ønska velkomne.
Påmelding på tlf. 52 74 83 09
Julianne Nilssen - aktivtør

Stort forside-
bilde:

Viljesterk
hestehov
helsar våren
velkommen.

Foto:
Kjetil Hamre



Blir laga og gitt ut av Bokn kommune. Frist for innlevering av stoff er etter avtale med redaktøren. Bladet kjem ut 10 gonger i året, ikkje januar og juli.
Eit abonnement kostar kr. 300,- pr. år, gratis for bortebuande skuleelevar og studentar.

BYGDABLADNEMND

Svein Ivar Langhelle
Eva Moi
May Jorunn Vatnaland

TILSETTE

Jardar Havikbotn, redaktør
Tlf. 52 75 25 08 - 98 22 15 08
E-post: jardar@bygdabladet.no

Reidar Alvestad, journalist
Tlf. 52 75 25 04 - 98 22 15 04
E-post: reidar@bygdabladet.no

Linda Ognøy, medarbeidar
Tlf. 52 75 25 45 - 91 16 87 82
E-post: linda@bygdabladet.no

ANNONSEPRISAR

Heilside kr. 620,-
Halvsida kr. 380,-
Kvartside kr. 190,-
1/8 side kr. 125,-
Privatann. kr. 40,-
Fastann. etter avtale

www.bygdabladet.no

SERVICETORGET

Tlf.: 52 75 25 00 kvar dag kl. 08.30 - 15.00.

Vi kan t.d. hjelpe deg med:

- generell informasjon om ulike tenester
- kontakt med rett saksbehandlar i kommunen
- utdeling av skjema
- utleige av kommunale lokaler ekskl. bustader
- informasjon om utval, møter og dokumenter
- endring av skattekort
- utfylling og innlevering av flytteskjema
- innlevering av selvangivelser og kontakt med likningskontoret
- bustøtte - Husbanken
- økonomisk gjeldsrådgivning
- innsyn i kommunens dokumenter/arkiver
- sal av bygdabøker, boknaspennå, krus
- kopiering

Direkte nr.: 52 75 25 10 og 52 75 25 11.
E-post: postmottak@bokn.kommune.no

Gro A. Sørensen
Seksjonssjef servicetorg

Årets konfirmantar

Jardar Havikbotn



Bak fv. Wolfgang B. Ognøy, Anders Aksdal, Roar G. Jøsang, Shane M. Wahl.

I midten fv. Didrik J. Alvestad, Daniel Dobrev, Vegar K. Øvrebø, Endre Kro.

Foran fv. Janne Elin Vatnaland, Tina B. Høyland, Alexander G. Pedersen, Gisela Strand.

Shane M. Wahl og Didrik J. Alvestad blir konfirmert i Festiviteten 6. mai og Gisela Strand i Torvastad kirke 7. mai. Dei øvrige blir konfirmert i Bokn kyrkje 30. april. Eirik Nedrebø var ikkje til stades då bildet blei tatt.

Bygdabladet gratulerer!